



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 16.02.2023  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** ????

Forfall må meldast til kyrkjeverje: jaov@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

### Desse møtte:

Svein Lunde	leiar	X
Anne Marie Røed	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	-
Wenche Andersen Helland	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	-
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	-
Olav J. Oma	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	-
Karin Maria Korsvik	2. vara	-
Jan Overweg	kyrkjeverje	X



# DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/11	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2023/12	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 19.01.2023	x
2023/13		Drøfting av arbeidet i gudstenesteutvalet – leiar i utvalet er invitert	
2023/14		Kort orientering frå kyrkjeverje om arbeidet i soknet	x
2023/15		Mandat for arbeidsutvalet	x
2023/16		Kyrkjelydsweekend Helgatun 14. – 16. april 2023	
2023/17		Klokkeslett for soknerådsmøta i 2023	x
2023/18		Meldingar / open post	

-

### **Sak 2023/11 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2023/12 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 19.01.2023.

### **Sak 2023/13 Drøfting av arbeidet i gudstenesteutvalet – leiar i utvalet er invitert**

Soknerådet ønskjer å invitera nemnd og utval til å presentera og drøfta arbeidet. Første utval som er invitert i denne omgangen er gudstenesteutvalet v/ leiar Eli Simonsen.

Drøftinga vart innleia med ei orientering om arbeidet i utvalet ved Eli Simonsen.

Soknepresten og kyrkjeverja er faste medlemmer i utvalet. I tillegg er kyrkjelyden representert ved Eli Simonsen og Dagfinn Brekke.

MÅL for arbeidet i utvalet er eit RIKT GUDSTENESTELIV i kyrkja vår, og at kyrkjelyden får høve til medverknad i gudstenestene på ulikt vis.

Utvalet la ned eit stort arbeid med ny ordning for gudsteneste i 2021

Med arbeidsmålet for auga, legg utvalet også til rette for ulike musikkinnslag i til dømes temagudstenester. Temagudstenestene vert sett opp i plan for kyrkjeåret, og døme på tema er HÅP, FRED, FORFØLGDE med vidare. Utvalet er også involvert i utforming av mellom anna salmekveldane og konfirmasjonsgudstenestene.



## DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Utvalet har også samarbeid med andre aktørar i bygda om til dømes VENESTEMNE. Det er også planlagt samarbeid med kulturkontoret i Fitjar, om gudsteneste på museumsdagen i Årskog 10.sept.2023

Leiaren i gudstenesteutvalet la også fram tankar/idear om vidare arbeid for å gjera gudstenestelivet i Fitjar rikare.

Soknerådet takka Eli for ei levande og inspirerende orientering.

Etter drøftingane ynskjer soknerådet at utvalet kjem med forslag til budsjett for musikk-/kulturinnslag i festgudstenester i kyrkja. Eit slikt forslag vil bli handsama i soknerådet som eigen sak

### **Sak 2023/14 Kort orientering frå kyrkjevevja om arbeidet i soknet**

Kyrkjevevje legg fram ei kort orientering om arbeidet i soknet.

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2023/15 Mandat for arbeidsutvalet**

Arbeidsutvalet kjem med forslag til mandat etter at soknerådet kom med innspel i sist møte (sak 2023/07) Sjø elles vedlegg til innkallinga.

#### **Vedtak:**

Fitjar soknerådet vedtek mandat for arbeidsutvalet slik det vart lagt fram i møte.

### **Sak 2023/16 Kyrkjelydsweekend Helgatun 14. – 16. april 2023**

Det er no opna for påmelding til kyrkjelydsweekend på Helgatun 14. – 16. april. Det er pr i dag soknepresten som står åleine om førebuinga av arrangementet. Kan soknerådet aktiv ta del i førebuinga eller vera med å rekruttera medarbeidarar? Olav orienterer om arrangementet i møtet.

#### **Vedtak:**

Det vart ikkje lagt fram tilråding i saka. Soknerådet slutta seg til forslag om å løyve inntil 10 000 kr i samla bidrag dersom nokon av flyktningane ynskjer å bli med.

### **Sak 2023/17 Klokkeslett for soknerådsmøta i 2023**

I fleire år har møtetida vore 18.30-21.00. Dette høver ikkje like godt for alle, og difor ønskjer arbeidsutvalet å drøfta og koma med forslag om alternativ. Er det mogleg å leggja møta til dagstid – til dømes 15.45-18.15? Bør me da leggja til rette for noko mat for dei som kjem rett frå arbeid?

#### **Vedtak:**

Einstemmig støtte til forslaget, som vert gjort gjeldande frå neste møte (i mars)



**Sak 2022/18 Meldingar / open post**

- Glimt frå trusopplæringskondransen v/ Anne Marie. Tema var frivillighet.
  - Om arbeidet med kyrkjebladet v/ Olav. Rolf Atle, Torbjørn, Herman Inge, Roald og Olav i redaksjonen. De treng nye folk, gjerne kvinner.
  - Fest for konfirmantane 10. mai. Soknerådet tek praktisk ansvar.
  - Kyrkjevalet – ei oppdatering om prosessen (sjå også kyrkjevalet.no)
  - Moster 2024
  - Sak om tal på medlemmer i soknerådet skal handsamast i god tid før valet i 2027
-